

*Gift*

## Ein sann realist

☛ Av litterære realistar i 1870- og 1880-åra er Alexander Kielland kanskje den forfattaren som levde tettast opp til Georg Brandes' krav om å setje samfunnsproblema under debatt. Kielland



var også inspirert av ein annan danske, filosofen Søren Kierkegaard (1813–1855), som nokre tiår tidlegare hadde sagt litt om det å leve i sanning. I tillegg kjende Kielland til John Stuart Mill (1806–1873) og ideane hans om demokratiske rettar, sosial medkjensle og likeverd mellom kjønna.

☛ Alexander Kielland kom sjølv frå ein velstående familie i Stavanger og levde eit privilegert liv. Han tok juridisk embetseksamen i Kristiania og dreiv deretter næringsverksemd i ti år. Forretningsverksemda var ustabil, og Kielland fekk etter kvart store økonomiske problem.

☛ I 1885 søkte Bjørnson og Lie Stortinget om diktargasje for Kielland, men det enda med avslag. Avslaget vart grunnlagt med at Kielland gjennom skrivinga og diktinga si var ein fare for ro og orden. Bøkene hans skapte debatt og vekte harme.

☛ Kielland prøvde seg som redaktør i Stavanger Aftenblad eit års tid, men han fekk for mange uvenner og måtte gi opp. I slutten av 1880-åra utnemnde Stortinget han til borgarmeister i Stavanger, og eit par år seinare til amtmann (fylkesmann) i Romsdal. Dermed berga han privatøkonomien sin.

## Tankar og idear i ei ny tid

☞ Den danske kritika-  
ren og litteraturforska-  
ren Georg Brandes var  
oppteken av framsteg,  
fornuft og frigjering,  
og prosjektet hans var  
å få den unge forfat-  
targenerasjonen til å setje  
søkjelyset på uheldige og urettferdige  
samfunnstilhøve. Alexander Kielland tok  
utfordringa. Han ville noko med diktinga  
si, ville kritisere, avsløre og reformere, slik  
Brandes kravde.

☞ Kielland skreiv om religion og kyrkje,  
samliv og ekteskap, latinundervisning og  
opseding i skulen, pliktmoral og hykleri i  
samfunnet og forretningsmoral hos bor-  
garskapet. Ein litteratur som handla om



slike emne, ville appellere til fornufta hos  
lesaren, meinte Brandes. Denne fornufta  
skulle føre samfunnet framover, sam-  
stundes som menneska skulle bli meir  
opplyste og frie. I 1880-åra var ikkje ei slik  
målsetjing urealistisk, for skjønnlittera-  
turen hadde mykje mindre konkurranse  
frå andre medium enn i dag, og derfor  
større gjennomslagskraft. I tillegg fanst  
det på den tida ein politisk vilje til å sjå  
kulturen i nær samanheng med utviklinga  
i resten av samfunnet.

☞ Kielland hadde ein kort, men svært  
produktiv forfattarkarriere. Han debuterte  
som 30-åring og skreiv mange romanar,  
novelletter og drama gjennom ein tiårs-  
periode. Så la han ned pennen. Kielland sa  
sjølv at han ikkje hadde meir å seie.



*Opplesing av novella  
«Siesta»*

## Ein stor novellist

☞ Kielland fekk hjelp av Bjørnson til å debutere som forfattar i 1878, med ein-aktaren *På Hjemveien*. Men det litterære gjennombrotet hans kom året etter med *Novelletter*, ei samling korte, episodiske forteljingar som gjerne tok utgangspunkt i ei enkelthending eller eit tilfeldig møte.



Ein analyse av novella  
«Ein middag»

☞ Ei av novellettene i boka, *Ein Middag*, handlar om retten som den unge generasjonen har til å frigjere seg frå gammalt tankegods. Vi møter ein grosserar som held tale for den nyss heimkomne sonen sin. Faren slår om seg med store ord om korleis dei unge må få





Ein analyse av novella  
«Karen»

kvitte seg med gamle fordommar, tenkje nytt og utvikle samfunnet vidare til alles beste, men tek det ille opp når han like etter blir korrigert av sonen i ein diskusjon. Denne dobbelkommunikasjonen viser avstanden mellom dei overflatiske liberalistiske talemåtane og dei djuptliggande konservative haldningane hos borgarskapet på Kiellands tid.

☞ Kielland heldt fram med å skrive novelletter. I somme av dei er handlinga lagd til Danmark, mellom anna i novella *Karen*, ei forteljing om korleis eit kynisk mannfolk lurar ei uskuldig jente.

☞ Skrivemåten til Kielland er presis og elegant. Nokre av novellettene hans har ein munter humor, i andre er tonen meir ironisk eller satirisk, og her kjem samfunnskritikken tydelegare fram.

## Ein samfunnsrefsar

☛ Alexander Kielland skreiv kritisk og sannferdig om dei fleste emna. I 1880

**i** kom samtidsromanen *Garman & Worse*, der han skildrar seglskute- miljøet og eit velståande handelshus i Stavanger. I romanen viser han forholdet mellom fattig og rik, og gjennom skarpe kontrastar avdekkjer han at føresetnaden for rikdommen hos nokre få gjerne er fattigdommen hos mange andre.

☛ Det vekte oppsikt at ein roman med slik sterk tendens og så hard kritikk av sosiale tilhøve kom frå ein forfattar som sjølv representerte dei kondisjonerte og velståande i Stavanger. Men Kielland teikna ikkje noko heilsvart bilete av dei gamle bedriftseigarane og storkjøpmennene. Dei la òg for dagen eit stort ansvar for dei tilsette, og det kunne ein ikkje alltid seie om dei moderne kapitalistane som tok over.

*Garman & Worse*

*Roman*

☛ I 1882 kom oppfølgjaren *Skipper Worse*, som vart Kiellands største litterære suksess. Handlinga i denne romanen er lagd til 1840-åra, og boka gir ei truverdig skildring av ulike miljø i Stavanger og av ei tid i endring. Seglskutetida er snart over, og det går meir og meir mot dampdrivne skip. I denne boka kjem forfattaren med tydeleg kritikk av både statskyrkja og av religiøst hykleri og pengebegjær.


☛ Enda Kielland hausta mange lovord for skrivekunsten sin, møtte han mykje motbør i Stavanger. Å bruke fiktive namn og oppdikta miljø var éin ting, men det var mange som kjende seg råka, og han fekk uvenner blant sine egne.

# Gift

i

☞ I 1883 kom romanen *Gift*. I denne boka rettar Kielland søkjelyset mot verdigrunlaget for skule og oppseding.

☞ Boka er omtalt som den store skuleromanen i norsk litteratur frå 1880-åra. Skildringa av skulegangen til dei to gutane Abraham og Marius gjer det tydeleg kva Kielland meinte om skulesystemet. Han hevda at latinen tok altfor stor plass i skulen, og at opplæringa gav lite nyttig kunnskap som kunne gjere barna til sjølvstendige menneske. I tillegg fekk pedagogane gjennomgå for metodane dei brukte overfor elevane. Heile oppsedinga i skulen var bygd på tvang og fornedring, elevane skulle underkaste seg systemet utan å stille spørsmål. Det var det motsette av danning, meinte Kielland.





☛ Dei progressive og fornuftige haldningane er det ei kvinne som står for. Wenche Løvdahl, mor til Abraham og kona til dr. Løvdahl, er talerøret til Kieland i romanen. Ho representerer motvekta til alle dei forstokka haldningane som mannen, skulen og dei fleste andre maktpersonane og institusjonane i samfunnet gav uttrykk for. Wenche Løvdahl

nyttar alle høve til å spreie idear om menneskeverd, sann kristendom, opplæring til sjølvstende og levande undervisning i skulen.


☛ Guten sjølv, Abraham, har det ikkje lett med to foreldre som er usamde om det meste, og som begge prøver å påvirke han. Eitt av stridsemna i familien er om Abraham skal konfirmerast eller ikkje. Abraham er ikkje spesielt religiøs, og mora synest han skal la vere å gå til konfirmasjon med mindre han kan stå inne for det. Faren tenkjer mest på den skandalen det vil vere dersom Abraham ikkje følgjer tradisjonen og konfirmerer seg. Ærlegdom og opprørstrong hos sonen vil han ikkje ha noko av, det viktigaste er å bevare ein perfekt fasade utetter. Han skyr ikkje noko middel for å knekkje eigenviljen til guten og vinn til sist. Abraham endar opp med å bli som far sin.



☞ Det som kanskje gjer aller sterkast inntrykk på lesaren, er forteljinga om Marius, bestekameraten til Abraham. Marius kjem frå enkle kår, han bur saman med si einslege og ugifte mor. Guten slit på skulen, men er flink til ein ting, nemleg å bøye latinske substantiv og verb. Dette meiner rektor på skulen er grunnlag nok for at guten bør studere. Mor til Marius har sjølv inga utdanning, ho tviler ikkje på det rektor seier, og ho vil berre det beste for sonen sin. Derfor må sonen gå på ein skule som ikkje er tilpassa behova hans i det heile.

☞ Abraham er den beste og einaste venen til Marius, han hjelper Marius med skularbeidet og forsvarar han mot medelevar og lærarar som mobbar han. Livet til Marius endar tragisk. Han bryt saman under ein ekstra vondskapsfull eksaminasjon på skulen, blir liggjande heime med febertokter og mareritt om skulen, og døyr til slutt.

☞ Også denne boka av Kielland vekte stort oppstyr og til dels sinne. I Stavanger nekta bokhandlarane endatil å selje boka fordi dei meinte ho var for ugudeleg.



Tore Rem om  
romanen *Gift*

